

Til Fylkesmannen i Hordaland

Hestdal 5.mai 2018.

Plan og Bygg.

Postboks 7310

5020 Bergen.

Klage på Meland kommune V/UDU sitt vedtak i sak 42/2018 om å gi dispensasjon frå arealformålet landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF) for frådeling og opparbeidning av Håtuftvegen i ny trace-Håtuft.

Eg er eigar av gnr. 30 bnr. 2 som vassbehandlingsanlegget er planlagd plassert på samt eigar av areal langs deler av Håtuftvegen.

I samband med nabovarsling av dette tiltaket, sjå vedlegg nr. 1, har eg kome med merknad om at tiltaket er så omfattande at det her bør utarbeidast ein reguleringsplan.

Følgjande tiltak skal gjennomførast.

1. Frådeling av areal for vassbehandlingsanlegg samt bygging av dette med tilkomstveg m.m.

Storparten av arealet ligg på dyrka jord/beiteland. Deler av arealet er medteke i arealdelen for kommuneplanen i Meland, men ikkje alt. Sjå kart vedlegg nr. 2. Som ein del av tiltaket må og vurderast bruk av eksisterande vassbehandlingsanlegg samt arealet langs Storavatnet som grensar til området. Her er det naustområde med trong for parkeringsplassar. Her ligg også areal med tilhøyrande flytebrygge som Bergen og omland friluftsråd disponerer medrekna parkeringsplass og avkjøring frå kommunal veg.

Det nye vassbehandlingsanlegget er planlagd plassert for det meste på dyrka jord/beit. Anlegget er planlagd bygd som eit daganlegg med storleik 36,0 x 20,5 m pluss tilleggsareal til parkering m.m. samla areal om lag 2700 kvm. I ein reguleringsplanprosess bør det av beredskapsmessige omsyn vurdere å plassere anlegget i fjell og dermed unngå dyrka jord/beit eventuelt flytte anlegget noko slik at det kjem utanfor dyrka jord/beit. Dersom anlegget vert bygd som daganlegg, vil det i ein reguleringsplan ble sett føringar for god arkitektonisk utforming tilpassa omkringliggjande kulturlandskap samt god materialbruk.

2. Bygging av ny hovudvassleidning i og langs kommunal veg.

Vassleidningen i seg sjølv er eit stort tiltak som krev god planlegging og bør derfor takast med i ein reguleringsplan slik at involverte partar kan kome med synspunkt på plassering og utforming. Vassleidningen vil mange stadar krysse grøfter og bekker som i dag drenerer ovanforliggende områder. Leidningen vil også krysse avkjøringar til jordbrukseigedomar og jordbruksavkjøringar. Det er viktig at alle desse kryssingane vert tatt vel vare på slik at dei fungerer. Dette må skje i samråd med grunneigar og synast i reguleringskart. I UDU sitt vedtak og kartgrunnlag er ikkje heile traceen teikna inn på kartet. Vassleidningen skal byggjast langs heile Håtuftvegen rekna frå

nytt vassbehandlingsanlegg og fram til vegkrysset med fylkesvegen. Det er også viktig å ta stode til kva som skal gjerast ved den eksisterande vassleidning når han ikkje lenger vil bli brukt. I dag ligg han gjennom dyrka jord og kan i framtida vera til ulempe for bruk av dyrka jorda. Leidningen bør derfor fjernast på ein god måte slik at dreneringssystema på dyrka jord ikkje vert skipla.

3. Omlegging av Håtuftvegen.

Arbeidet med planlagd omlegging er omfattande og vil gripe inn i både dyrka jord og kulturlandskap. Omlegginga vil føre med seg omlegging av avkøyringar og anlagd nye avkøyringar til tilliggjande bustadar og mange jordbruksavkøyringa vil og bli råka. Det same gjeld dreneringssystem. I ein reguleringsplan vil plassering og ikkje minst utforming av vegen bli nøyne vurdert og kartfesta med både profil ,avmerking av skrånning -og skjæringskantar, støttemurar m.m slik at vegen vil bli best mogeleg tilpassa natur/kulturlandskapet . Ved omlegging og utviding av vegen vil ein god del dyrka jord gå tapt. Dyrka jord som vert fjerna, må tilbakeførast og planerast ut andre stadar i området slik at tap av jord vert minst mogeleg. Gjennom ein god reguleringsplan med tilhøyrande føresegner kan dette bli tatt omsyn til på ein god måte der og eigarane/brukarane vert tatt med i planlegginga. Omlegging og utviding av vegen vil måtta skje langs heile vegen frå vassbehandlingsanlegget og fram til Fylkesvegen. Dei kart som føl med kommunen sin søknad om dispensasjon syner ikkje heile veglengda.

4. Samandrag og konklusjon.

Eg har her freista å orientere om kor omfattande desse tiltaka er. Eg kan ikkje forstå at kommunen her meiner at dette kan gjennomførast utan at det vert utarbeidd ein reguleringsplan med tilhøyrande føresegner. Eg påklagar derfor kommunen sitt vedtak gjort i UDU i sak 42/2018 til Fylkesmannen slik at Fylkesmannen opphevar dette vedtaket og pålegg kommunen å utarbeide ein reguleringsplan etter gjeldande retningsliner og føresegner før omsøkte tiltak vert påbyrja.

Mvh.

Jørgen Olsvoll

Håtuftvegen 280

5918 Frekhaug.

Jørgen Olsvoll